

Morten Ragnvaldsen
Njøtevegen 307
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8876 - 21/70466

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
25.10.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 137/7

Administrativt vedtak: Saknr: 1134/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 30.10.2026 for GBNR 137/7, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket **Morten Ragnvaldsen** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 137/7. Jordbruksarealet på bruket er på 12,6 daa overflatedyrka mark.

Drifta er 30 vinterfora sau, 2 vaksne hestar og 3 høner. Søkjeren samlar ikkje husdyrgjødsel fordi han har sauver som går på innmark og utmarksbeite heite året.

Søkjeren har opplyst at han har 2 vaksne Amerikanske miniatyrhester som går fritt ute på heile gården heile året. Dei blir tatt inn om natta ved dårlig vær. Det kan da bli opp til 5 liter møkk ved ei natt inne.

Denne inklusiv møk frå 3 høner blir brukt i blomsterbed, rundt frukt trær og i grønsaksbed i hagen. Søkjeren brukar ikkje kunstgjødsel.

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/8876 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Morten Ragnvaldsen

Njøtevegen 307

5943

AUSTRHEIM